

KOMMISJONSVEDTAK

2009/EØS/9/21

av 18. august 2005

om endring av europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/95/EF med sikte på å fastsette grenseverdier for konsentrasjon av visse farlege stoff i elektrisk og elektronisk utstyr*

[meldt under nummeret K(2005) 3143]

(2005/618/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/95/EF av 27. januar 2003 om avgrensing av bruk av visse farlege stoff i elektrisk og elektronisk utstyr⁽¹⁾, særleg artikkel 5 nr. 1 bokstav a), og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Ettersom det er klart at det i visse tilfelle ikkje er mogleg å heilt unngå tungmetall og bromerte flammehemmande middel, bør visse konsentrasjonar av bly, kvikksølv, kadmium, seksverdig krom, polybromerte bifenylyl (PBB) eller polybromerte bifenyleterar (PBDE) kunne godtakast i materiale.
- 2) Dei framlagde grenseverdiane for konsentrasjon byggjer på det gjeldande fellesskapsregelverket for kjemikalier, og er rekna for å vere dei mest høvelege for å sikre eit høgt vernnivå.
- 3) I samsvar med artikkel 5 nr. 2 i direktiv 2002/95/EF har Kommisjonen rådspurt produsentar av elektrisk og elektronisk utstyr, attvinningsføretak, handsamingsverksemdar, miljøorganisasjonar og arbeidstakar- og forbrukarsamanslutningar, og sendt kommentarane sine til det utvalet som er nemnt i artikkel 18 i rådsdirektiv 75/442/EØF av 15. juli 1975 om avfall⁽²⁾.
- 4) Kommisjonen la 10. juni 2004 fram dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, for røysting i det utvalet som er skipa i medhald av artikkel 18 i direktiv 75/442/EØF om avfall. Det var ikkje kvalifisert fleirtal for å godkjenne desse tiltaka. Den 23. september 2004 vart det difor i samsvar med den framgangsmåten som er

fastsett i artikkel 18 i direktiv 75/442/EØF, lagt fram for Rådet eit framlegg til rådsvedtak. Ettersom Rådet ved utgangen av den fristen som er fastsett i artikkel 7 nr. 2 i direktiv 2002/95/EF, verken hadde vedteke dei framlagde tiltaka eller gjeve noka fråsegn imot dei i samsvar med artikkel 5 nr. 6 i rådsbeslutning 1999/468/EF av 28. juni 1999 om fastsettelse av nærere regler for utøvelsen av den gjennomføringsmyndighet som er tillagt Kommisjonen⁽³⁾, bør Kommisjonen vedta tiltaka —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

I vedlegget til direktiv 2002/95/EF skal følgjande merknad leggjast til:

«Med omsyn til artikkel 5 nr. 1 bokstav a) skal det fastsetjast ein grenseverdi for konsentrasjon på 0,1 vektprosent i einsarta materiale av bly, kvikksølv, seksverdig krom, polybromerte bifenylyl (PBB) og polybromerte bifenyleterar (PBDE), og på 0,01 vektprosent i einsarta materiale av kadmium.»

Artikkel 2

Dette vedtaket skal nyttast fram til 1. juli 2006.

Artikkel 3

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 18. august 2005.

For Kommisjonen

Stavros DIMAS

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 214 av 19.8.2005, s. 65, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 26/2006 av 10. mars 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 28 av 1.6.2006, s. 11.

⁽¹⁾ TEU L 37 av 13.2.2003, s. 19.

⁽²⁾ TEF L 194 av 25.7.1975, s. 39. Direktivet sist endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1882/2003 (TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1).

⁽³⁾ TEF L 184 av 17.7.1999, s. 23.